

Brattvåg Vassverk SA Årsmelding for 2021

Styret har i året slik samansetting:

Styreleiar:	x	Eldar Sæterøy
Nestleiar:	x	Roger Sønderland
Styremedlemmar:		Cathrine Flem Lervåg
		Elin Bjerke
	x	Stig Fjørtoft
	x	Lars Angel Sønderland
Varamedlemmar:	x	Dag Davik
	x	Vivian Maridal
Valnemnd 2020:	x	Hilde Ellingsæter (Leiar)
	x	Ole Petter Årsund
	x	Solveig Bostad
Dagleg leiar:		Nils Kristen Skaar
Vakter:		Terje Otterlei
		Harald Johansen
		Einar Rogne

Rekneskap: Sparebank 1 Rekneskapshuset SMN AS

Revisjon: BDO

X = Står på valg.

Generelt for 2021

Forutan årsmøtet, har det i 2021 vore 2 styremøte der 17 saker har vore handsama. Dette er eit stort avvik frå eit normalår, og då grunna covid tilpassningar. Der det har vore nødvendig utover dette har styret hatt mailkontakter.

Vassverket har tilpassa seg corona-pandemien sine restriksjonar på alle områder. Dette har hovudsakeleg hatt utslag i desinfisering av kontaktflater på anlegget, mindre nære treffpunkt mellom oss som driv vassverket, og kun heilt naudsynt besøk av utanforståande på anlegget. (service, leveransar osv)

Vassverket har levert vatn til 1265 husvære, 50 kjellar/loftshusvære, 28 andelshavarar som betalar gebyr etter areal og 5 som betalar etter vassmålar. I tillegg er det levert 643 860 m³ vatn til Ålesund kommune gjennom målar på Alvestad. Avtalen mellom tidlegare SaHara IKS er ikkje formelt overført til Ålesund kommune.

Vassverket har gjennom året produsert 1 274 951 m³ vatn av god kvalitet.

Inntektene har vore kr.7 463 383.

Driftskostnader kr. 7 960 015 og underskot kr. 731 932

Det vart innbetalt kr. 80 370 i andelsinnskott i 2021.

Året har gitt mindre inntekter hovedsakelig på grunn av mindre forbruk over målar på Alvestad. Dette har sin forklaring på mindre aktivitet med Nordøyvegen og fleire små lekkasjer som er tetta på røyrnettet på øyane.

Behandlingsanlegg.

Behandlingsanlegget har fungert utan vesentlege problem, og vasskvaliteten er god. Tekniske servicer 2021 er utført. Ozon-generator nr 2 som skulle skiftast i 2020 vart skifta og satt i drift 10.06.21.

Røyrnett.

Det har vore 4 leidningsbrot i 2021. (Haugstadvegen, Austbøen, Fjellbu, Kvennhuslia) 710 m med 8` eternit har blitt rehabilitert mellom Våghallvegen og Vassverket.

Dette var ei prioritert oppgåve for 2021 da leidninga låg med stor risiko og på ein utfordrande plass. Det vart valgt ein metode utan graving for å fornye leidninga med trekking av plast innvendig i røret. Kvaliteten er like god som ved graving og legging av vanlige PVC- eller PE-rør, men langt mindre omfattande anleggsarbeid og inngrep i terrenget. Arbeidet vart gjort på 2 veker i oktober.

Drifta.

Nils Kristen Skaar har stått for den daglege drifta, og har saman med Terje Otterlei, Harald Johansen og Einar Rogne delt på natt-/helgevakter. Alle har vore involvert i arbeid med vassbrot, reparasjonar, vedlikehald. Og ikkje minst etablering av provisorisk forsyning til husstandar når hovudvassleidningar har vore stengt for arbeid.

Miljø

Det har ikkje vore ulykker dette året.

Vassverket forureinar ikkje det ytre miljø meir enn det som er vanleg for slike selskap.


Vassverket sin vakttelefon: PRI 1. 91 51 22 24 PRI 2. 91 39 78 36
Natt/helgevakt:

Nils Kristen Skaar
Terje Otterlei
Einar Rogne
Harald Johansen

Økonomi

Rekneskapen er avlagt ut frå føresetnaden om fortsatt drift.


I styret for Brattvåg Vassverk SA
den 07.03.2022


Eldar Sæterøy
Styreleiar



Roger Sønderland
Nestleiar


Cathrine Flem Lervåg


Elin Bjerke


Lars Angel Sønderland


Stig Fjørtoft


Nils Kristen Skaar
Dagleg leiar